



HEVA OVER TIDA

Korleis kan humanistar legitimere å stadig ta stilling til antikkens fortolkningsobjekt? Og i filosofien spesielt – der vi gjerne skriv «Platon seier», og ikkje «han sa» – korleis kan vi meine at antikken framleis er normativ? Fordi antikken er tidlaus, meiner Gadamer. Antikken er ein historisk realitet, og det er til denne historiske realiteten vårt historiske medvit høyrer til. Her har det opphavet sitt, og det er såleis underordna denne realiteten. Antikken som tidsepoke, og tankane og tekstane herifrå, er altså verksame i vår tid. Ikkje bare når vi aktivt oppsøker antikke tekstar, men i dei liva vi lever, der vi framleis spør etter kva som er sant, kva som er eit godt liv og kva for styresett som er det beste. Difor har vi alt å tene på å ha eit medvite forhold til antikken – for å kunne gå bak dei oppfatningane vi ber på som historiske individ, men også for å bringe dei tidlege filosofane i tale ved å lesa tekstane deira. Det er som å setja saman forskingsgrupper, seier Panagiotis Dimas i intervju i dette bladet, der kanskje dei klokaste hovuda i historia gir oss svar på tidlause spørsmål.

Kva skjer så når morgondagens filosofar får i oppdrag å bringe tidlegare filosofiske kjempar i tale? Fire løysingar er med i dette nummeret, og til vår glede varierer dei stort, frå lærde mønstersvar til oppfriskande overraskingar. Bidraget til Sven Trygve Haabeth er av det første slaget. Han kommenterer og deltar i ein av dei mest paradigmatiske debattane innanfor aristotelesforskinga: Kva legg Aristoteles i målet om det gode? Anne Rose Røsbak Holmen følger opp, med ein tekst der ho etter ei spennande reise gjennom skeptisistiske og estetiske landskap, kan slå fast at skeptisismen ikkje er vegen til det gode liv. Det mest overraskande innslaget til dette nummeret

er ført i pennen av Bjørnar Hagen, med ein artikkel om menneskesyn i antikk kinesisk tenking. Ved hans hjelp får vi kjennskap til Mencius og Xunzi og deira diametrale svar på om menneskenaturen er god eller vond. Alf-Andreas Bø leverer som siste artikkelforfattar eit bidrag der han lar skeptikarane og stoikarane diskutere det antikke kjerne-spørsmålet: Korleis kan vi vita at vi sit med sanninga?

I den faste intervjuspalta vår, har vi denne gongen vori i samtale med to norske, men òg særers internasjonale filosofar. Treffande for temaet i dette nummeret, har vi intervjuet filosofiprofessor ved universitetet i Oslo og leiar ved det norske instituttet i Athen, Panagiotis Dimas. Han fortel mellom anna om tiltrekninga tekstar frå antikken har hatt på han og korleis desse tekstane har sett fart på den filosofiske prosessen, stadig på jakt etter mening, om og om igjen. Vi har også kontakta Espen Hammer – professor ved universitetet i Oslo, men nå i eksil som «reader» ved Universitetet i Essex og som gjesteforelesar ved universitetet i Pennsylvania. Hammer yrtrar seg om filosofen og den intellektuelle si politiske rolle. Finst ho i dag?

Nyvinninga i dette nummeret finn ein i kritikkspalta. Tidlegare har det bare vori plass for bokmeldingar, men frå no av håpar vi spalta kan fyllast av ulike meldingar, av alt frå teaterstykke til faglege prosjekt og artiklar. Fyrstekvinne ut til å gjera dette er Emma Marie Brunsell Dankertsen, som forsvarer retten til kvinnenettverket Sophia. Allereie Platon argumenterte for at det ikkje finst vesentlege forskjellar mellom kvinner og menn når det gjeld å bidra til academia, men framleis er dette noko ein må kjempe for.

Ingrid Hødnebo og Margit Ims